



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1766 - 14/11562

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.05.2014

Løyve til tiltak og dispensasjon - etablering av privat avlaupsanlegg og vassleidning for tilkopling til kommunalt vassverk - gbnr 215/46.

Dispensasjon:

Kommunen gjev med heimel i plan- og bygningslova, pbl § 19-1, jf § 19-2 og grunngevinga i saksutgreiinga, dispensasjon frå pbl § 11-6 (kommuneplanen) og § 1-8 byggjeforbodet i 100-metersbeltet for etablering av avlaupsanlegg og leidning for tilkopling til kommunalt vassverk for gbnr 215/46.

Dispensasjonsvedtaket vert send Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering i samsvar med gjeldande reglar.

Byggjeløyve:

Kommunen gjev løyve til etablering av avlaupsanlegg og leidning for tilkopling til kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke 23.01.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 07.04.2014, jf plan- og bygningslova § 20-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeidet vert gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Det må ikkje utførast noko arbeid ut over det som løyvet omfattar.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll:

Rolle	TKL	Fagområde	Føretak	Org.nr	S/L
SØK	1	Tilkopling til kommunalt vatn og slamavskiljar med slange til sjø	Stendal VVS AS	980626180	S
PRO		Tilkopling til kommunalt vatn og slamavskiljar med slange til sjø	Stendal VVS AS	980626180	S



UTF		Tilkopling til kommunalt vatn og slamavskiljar med slange til sjø	Stendal VVS AS	980626180	S
-----	--	---	----------------	-----------	---

Søknaden gjeld:

Søknaden gjeld etablering av avlaupsanlegg og leidning for tilkopling til kommunalt vassverk for hytte på gbnr 215/46. Avlaupet frå eigedomen skal koplast til eksisterande privat avlaupsanlegg som går til sjø. Tilkopling til kommunalt vassverk skal skje via eksisterande privat vassleidning.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar:

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje motteke merknader.

Det ligg føre erklæring med løyve til å knyta seg til eksisterande private leidningsnett og til å leggja leidningar over privat eigedom.

Uttale frå anna mynde:

Dispensasjonssøknaden har ikkje vore send på høyring, men vedtaket vert send til klagevurdering i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast i medhald av dette vedtaket og godkjende teikningar.

Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål med særleg omsynssone landbruk og innanfor byggjeregrensa for funksjonell strandsone. Omsøkte tiltak er avhengig av dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og byggjeforbodet i strandsona for å kunne godkjennast.

Dispensasjon:

Om dispensasjonsvedtaket heiter det i plan- og bygningslova:

«§ 19-2 Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon frå bestemmelse fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillægges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelse om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»

Tiltakshavar skriv m.a. i dispensasjonssøknaden:

Grunnlag for søknad er å sikre naturen mot forureining. Ved å få kople til eksisterande godkjent spillvassleidning tilhørande (Grn.244,brn.20,48,49,50,51) som er ført ut i sjø. Fordelen er få rydde og reinske opp i evt. forureining ifrå slamavskiller og sikre at og natur miljø ikkje blir forureinast samt og få reint kommunalt drikkevann. Den dyrka marken blir stelt til og sådd omgåande etter graving av grøftene, slik at det ikkje blir spor av inngrep i naturen.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av nytt avlaupsanlegg og leidning for tilkopling til kommunalt vassverk. Slamavskiljaren skal plasserast på eige grunn. Grøftelengda er oppgjeve til om lag 75 m.

Omsøkte tiltak vil gje ei oppgradering av avlaupstilhøva som er i samsvar med krava i dag. Tiltaket er av mindre omfang og terrenget vert reetablert. Etablering av omsøkte tiltak vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruken eller strandsona. Tiltaket er ei oppgradering og forbetring av eksisterande situasjon og vil sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande handtering av avlaupet frå eige dommen og drikkevassforsyning.

I Naturbasen er sjøområdet registrert med naturtypen blautbotnområder i strandsona og med yngleområde for fiskemåse og andefugl. Omsøkte tiltak vert vurdert til ikkje å gje negative verknader i høve registreringane i naturbasen.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering at verken LNF-føremålet eller dei omsyna byggjeforbodet i strandsona skal ivareta vert vesentleg tilside. Fordelane ved å gje dispensasjon er vurdert å vera større enn ulempene. Vilkår for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknaden om dispensasjon vert godkjend.

Dispensasjonsvedtaket vert å senda Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune til klagevurdering i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar. Vi gjer merksam på at dersom det kjem klage på eit vedtak er ikkje saka endeleg avgjort før klagen er handsama av fylkesmannen. Klagehandsaminga kan medføra at vedtaket vert endra. Igangsetjing før klagefrist/klagehandsaming er avgjort skjer difor på eige ansvar.

Gebyr:

Søknadspåpliktige tiltak vert gebyrlagt i samsvar med kommune sitt gebyrregulativ.

C.4.2	Dispensasjon frå fleire føresegner gitt i eller i medhald av pbl. Per dispensasjon	2	Kr 15 800,-
C.5.2j	Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar inkl. enkle VA-anlegg inntil 2 bueiningar	1	Kr 3 700,-
C.5.3	Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt å betala		Kr 20 500,-

Bortfall av løyve:

Dersom arbeidet ikkje er igangsatt seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, eller arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Klagerett:

Det er klagerett på vedtaket, jf forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtaket) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knut Johannessen	Åmundsdalen 60	5115	ULSET
Teknisk drift			
Hordaland Fylkeskommune	Pb 7900	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Pb 7310	5020	BERGEN

Mottakarar:
Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND